



## Landbrukskontoret for Gloppen og Stad

Her kjem aktuelle nyhende frå landbrukskontoret i Gloppen og Stad. Har du spørsmål om noko, ta kontakt med oss!

### Søknadsfristar og viktige datoar i andre kvartal 2022

Her kjem ei oversikt på fristar vi har for å søkje om ulike støtteordningar, tilskot og andre fristar. De kan lese meir om ordningane på heimesidene våre.

Ordning	Søknadsfrist	Råme	
		Gloppen	Stad
	<b>Felles for Gloppen og Stad</b>		
Endringar i markslag	1. august		
Drenering	Løpande	300.000	300.000
Tilskot til skogkultur (vårplanting)	1. august	100 000	100 000
Tilskot til skogsveg og taubane	Løpande	1.000 000	600 000
SMIL 2. utlysing	1. august		
Produksjonstilskot del 2	15. oktober		

### Om søknadsordningane for jordbruket

Det er viktig at bøndene i Gloppen og Stad nyttar desse ordningane og søker på dei slik at kommunane framover også får tildelt midlar til desse føremåla.

**Vi har midlar att både i Gloppen og Stad kva gjeld SMIL-midlar. Ny søknadsfrist 1. august 2022.**

### Kritiske punkt i elver og bekkar



*Bekk som treng ettersyn.  
Foto: Bernt Reed,  
Gloppen kommune.*

I 2018 gjennomførte to studentar eit arbeid med kartlegging av kritiske punkt i ein del mindre elver og bekkar i Gloppen kommunen frå Nordstranda til Byrkjelo. Føremålet var å identifisere kritiske punkt der det kan vere flaumfare eller der fenomen kan vere årsak til skadar nedstraums. Det vart utarbeidd rapportar som skildrar dei kritiske punkta i dei kartlagde områda.

Dei aktuelle tiltaka dreier seg i stor grad om å ha kontroll på vegetasjon og masseoppheping oppstrøms ved bru/kulvert/røyr. Mykje av ansvaret kviler på private og i stor grad eigarar av landbrukseigedom, men her er også kritiske punkt knytt både til kommunal veg, fylkesveg og E39. Vi minner om at eigarar av landbrukseigedomar i både Gloppen og Stad må ha eit oppsyn over elver, bekkar og grøfter på sin eigedom og at ein gjer tiltak for å førebygge flaum og skadar.

## Skogbrannfare

Vi går sommaren i møte med høgare risiko for skogbrann. Det er mange som går tur i skog og mark og sommaren er høysesong for turgåing, telting og anna aktivitet i utmarka. Det er viktig at skogeigarar legg til rett for å informere om bålforbodet i sommarhalvåret og prøver å redusere moglegheita for uønska hendingar. Dette er særleg viktig der grunneigar sjølv har lagt til rette for aktivitet med til dømes overnattingsmoglegheiter eller anna. Plakat om bålforbodet kan [tingast gratis frå Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap](#). [Her kan du også skrive ut plakaten sjølv](#).



## Sjekk av plantefelt og tilskot til skogplanting

Mange skogeigarar har i vår forynga og planta ny skog etter hogst i fjor. Nokon har brukt entreprenør til å gjere jobben, medan andre har planta sjølv. Det er viktig at skogeigar sjekkar opp plantefeltet i etterkant for å sjå at plantene sit godt i jorda og at ein også har ettersyn utover sommar og haust for å sjå at plantene trivst og veks.

Skogeigar får refundert kostnader med plantekjøp og plantearbeid frå skogfondet sitt og det vert også gjeve tilskot til dette. Hugs å få inn søknad om dette så raskt som mogleg og **innan 1. august om du har planta på våren**. Ta kontakt med landbrukskontoret om du har spørsmål om korleis du skal sende inn søknad.

## Bestill skogbruksplan – siste sjanse!

Takstprosjektet i Stad kommune nærmar seg slutten og alle skogeigarar som har bestilt plan skal ha fått tilsendt ny skogbruksplan. Statsforvaltaren i Vestland løyver midlar til takseringa og i samband med dette får skogeigarar tilbod om ny skogbruksplan til ein særdeles gunstig pris. Skogbruksplanen gjev ei oppdatert oversikt over ressursar i skogen din, hogsttidspunkt, miljøregistreringar med meir. Den er eit viktig verkty for å forvalte skogarealet på eigedommen din. [Du kan lese meir om skogbruksplanløyvinga til AT skog her](#). Skogbruksplanen kjem som ei fysisk perm med sjølve planen, men vi rår til at skogeigarane skaffar seg digital skogbruksplan som du kan ta med deg på telefonen ut i skogen. Alle skogeigarar som har bestilt plan får gratis tilgang til webløyvinga ALLMA-standard ut 2023.

Det er framleis råd å tinge seg skogbruksplan om du ikkje har gjort det, men no hastar det! Ta kontakt med landbrukskontoret, så set vi deg i kontakt med rett person hos AT skog. Vi minner også om at skogfond kan nyttast til å få utarbeidd skogbruksplan.

## Skogfond – kva kan dette nyttast til?



Tømmerstokken betalar tiltak i skogen i lang tid etter hogst. Illustrasjonsfoto.

Skogfond er midlar som skogeigar er pliktig til å setje av ved hogst. Skogeigar må minimum setje av 4 prosent av omsetnaden på skogfondkontoen sin, men det er lurt å setje av meir slik at du får dekkja dei tiltaka du treng i skogen din. Mange lurar på kva skogfond kan nyttast til forutan planting og vegbygging.

Det er ei lang rekkje tiltak som skogeigar kan nytte skogfondsmidlane til – felles for dei er at dei skal gå til tiltak som medverkar til å forvalte skogressursane.

Skogforsikring, skogbruksplanar, rydding av plantefelt, ungskogpleie, vedlikehald av skogsbilvegar er nokon av tiltaka.

Du finn mykje nyttig informasjon om skogfond hos [www.skogkurs.no](http://www.skogkurs.no) og dei har også utarbeidd [eit eige hefte med korleis du brukar skogfondet og korleis du nyttar det smartast](#). Her finn du også [lenkje til skogfondskalkulatoren som du kan nytte til å berekne kor mykje skogfond](#) du må setje av til ulike tiltak eller kva du må setje av for å få bygd deg skogsveg. Ta kontakt med landbrukskontoret om du lurer på noko om skogfond!

## Nytt om tilskot til Regionalt miljøprogram (RMP)

Statsforvaltaren i Vestland har ei [eiga temaside om Regionalt miljøprogram](#) der du finn ei detaljer oversikt over tilskotsordningar, lenkje til søknadsportal og rettleiing om korleis du kan søkje. Det er også viktig å vere merksam på at ved søknad på feil ordning over fleire år er kommunen pålagde å legge inn trekk i tilskotet.

Vi orienterer om nokre utvalde ordningar nedanfor som er særleg relevante for vårt område.

### Tilskot til ugjødsla kantsone i eng

Det kan gjevast tilskot for kantsine i eng langs kanten mot vassdrag i prioriterte og kartfesta område. Føremålet med tilskotet er å stimulere til at areal som grensar mot vassdrag ikkje blir gjødsla eller sprøyta. Kantsona på jordbruksarealet skal haustast ved slått eller beiting i søknadsåret. Ved fornying, skal jordarbeiding og såing skje mellom 1. mars og 1. juli.

Områda i våre kommunar er:

- Gloppen - Svoragrova/Høgegrova, Myklebust
- Stad - Dalsbøvassdraget og Maurstadelva

**Tiltaket gjeld for fulldyrka og overflatedyrka areal** og omfattar ikkje innmarksbeite.

### Tilskot til spreieing av husdyrgjødsel om våren og/eller i vekstsesongen

Tilskotet gjeld føretak som disponerer areal i nedbørsfelt for elvemuslingsvassdrag. **NB! Endra regelverk frå og med 2022.**

I Stad kommune gjeld dette Dalsbøvassdraget og Maurstadelva. Gloppen kommune kjem ikkje inn under dette tilskotet. Her kan det for utvalde føretak gjevast tilskot for å **spreie all husdyrgjødsel eller biorest føretaka skal spreie innan 10. august**. Føremålet med tiltaket er å redusere spreieing av husdyrgjødsel om hausten ved vassdrag med elvemusling. Tiltaket gjeld berre for dei areala der det blir spreidd husdyrgjødsel.

Det er føretak som har produksjon med mjølkekyr eller har storfe, gris eller fjørfe med omfang berekna til 15 gjødseldyreiningar (GDE) eller meir som kan søkje.

Tilskotssatsen er kr 180,- per daa og det kan gjevast tilskot for inntil 250 daa per føretak.

Andre føretak som fyller vilkåra (med over 15 GDE) i søknadsåret har òg rett til tilskot. Føretak som har produksjon med sau og har under 15 GDE og som har fått tilskot tidlegare, fell ut av ordninga.

### Tilskot til tilrettelegging for fugl

Vi har og ei tilskotsordning til tilrettelegging av hekke- og beiteområde for fugl (gjeld vipe, åkerrikse og storspove) for aktuelle søkjarar. Har du tenkt å gjere tiltak her som skal søkjast støtte om seinare i haust, må du ta kontakt med Statsforvaltaren i Vestland, Miljøavdelinga v/ Olav Overvoll med e-post:

[fmhoov@statsforvalteren.no](mailto:fmhoov@statsforvalteren.no) . Du må ta kontakt så tidleg som mogleg etter at fuglane har byrja å etablere seg (før hekking/tidleg hekking).

<https://www.statsforvalteren.no/nb/vestland/landbruk-og-mat/tilskudd-innen-jordbruk-og-skogbruk/har-du-vipe-pa-marka-di-og-onskjer-a-legge-til-rette-for-vellukka-hekking/>



Vipeunge etter merking.  
Foto: Daniel Almhjell,  
Statsforvaltaren i Vestland.

## Hanndyrlova

Vi minner om hanndyrlova sitt innhald kva gjeld retten til å sleppe hanndyr på beite. Lov om avgrensing i retten til å sleppa hingstar oksar, verar og geitebukkar på beite heretter kalla hanndyrlova.

*§ 1 seier at det er forbode å sleppa verar og geitebukkar som er fødde før 15. april same året, på beite:*

- a) i sambeiteområde i utmark eller innmark,*
- b) saman med sauer eller geiter som andre eig, i anna beiteområde eller*
- c) der tilhøva er slik at dei lett kan koma saman med sauer eller geiter som andre eig.*



Veirar på innmarksbeite. Foto: Trine Alme

Vidare er det forbode å la verar og geitebukkar som er fødde seinare enn fastsett i første stykket eller i vedtekt etter § 4, gå på slikt beite lengre enn til 1. oktober. Forboda gjeld ikkje beite på særskilt område der verar og bukkar blir haldne for seg, såframt området er forsvarleg inngjerda eller dyra er under forsvarleg tilsyn.

*§ 3 seier vidare at det er forbode å la oksar som er eldre enn 6 månader gå på beite,*

- a) i sambeiteområde i utmark eller innmark,*
- b) saman med kyr som andre eig, i anna beiteområde eller*
- c) der tilhøva er slik at dei lett kan koma saman med kyr som andre eig.*

Forboda gjeld ikkje beite på særskilt område der oksar blir haldne for seg, såframt området er forsvarleg inngjerda eller dyra er under forsvarleg tilsyn.

*§ 6. Den som med vilje eller aktløyse bryt føresegner gitt i eller med heimel i lova her, blir straffa med bøter.*

Det er viktig å passe på dyra sine og halde hanndyra forsvarleg inngjerda og ikkje sleppe dei i felles utmark dersom dei er fødde så tidleg at dei blir kjønnsmodne ila beitesesongen der andre har hodyr gåande. Dette for å halde på godt naboskap og oppretthalde god beiteskikk.

## Driveplikt og jordleige

Når du eig eit jordbruksareal, har du ansvar for å forvalte det godt og sørge for at det er i drift. Driveplikta gjeld for heile eigartida. Dette går fram av jordlova §§ 1 og 8. Er det fleire eigarar av det same arealet, har alle eigarar likt ansvar for at jordbruksarealet vert drive. Definisjonen på jordbruksareal er: Fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite. Driveplikta inneber at areala skal kultiverast og haustast årleg og beitast om det er innmarksbeite.

Driveplikta kan fyllast ved å drive areala for eiga rekning, og då skal drifta ha eit næringsmessig preg. Alternativet er å leige vekk til nokon som driv aktivt med jordbruk. Det er då krav om skriftleg avtale og den skal vere på 10 år. Langsiktige avtalar er trygt for begge partar. Kopi av avtala skal sendast kommunen.

Dersom det ikkje er råd verken med utleige eller sjølvstendig drift kan det søkjast om fritak for driveplikta for ein viss periode eller for resten av di eigartid. Denne kan gjevast heilt eller delvis på visse vilkår. Du skal då levere ein grunngjeven søknad om dette til kommunen. Du kan lese meir om [driveplikt](#) og søknad om [fritak for driveplikt](#) på Landbruksdirektoratet sine nettsider.

Kontakt landbrukskontoret om du har spørsmål.

## Meld inn endringar i markslag snarast

For at du skal få med alt arealet ditt i søknad om produksjonstilskot 2. omgang i oktober, er det viktig at arealet vert oppdatert av kommunen i databasen for markslag. Kommunen har frist til 25. august for å gjere dette. For at vi skal kunne få oppdatert arealet, må vi ut på synfaring og godkjenning av dei aktuelle areala. Det er difor viktig at du melder inn endringar så raskt som mogleg slik at vi får planlagd synfaringane og kan få registrert riktig innan fristen.

Du kan sjekke areala dine eller areal du leiger for å sjå om det er behov for endringar. Dette gjer du på gardskartet hos NIBIO: <https://gardskart.nibio.no/search>

Har du endringar i dine areal, eller noko er registrert feil, må vi ha melding om dette så snart som mogeleg og **seinast innan 1. august**.

## Handsaming av motorferdsle i utmark

Marte Sofie Søreide går ut i permisjon først i juli. Bjørnar Eikenes vil då ta behandlinga av saker som handlar om motorferdsle i begge kommunane.

Vi har laga til nytt elektronisk skjema som skal nyttast ved søknad. Det er lurt å logge seg inn via ID-porten då de då vil kunne lagre søknaden gjennom prosessen. De finn søknadsskjema på heimesida vår i Stad under sjølvbetening – søknadssenter/skjema – teknikk og miljø – [motorferdsel i utmark](#)

I Gloppen under skjema – landbruk og utmark – [motorferdsel i utmark, søknad om](#).



Hausting av jordbruksareal.

Foto: Karoline Bjerkeset, Gloppen kommune.

## Hjort

Løyva til jaktseasonen 2022 er no utdelt og det er viktig at valdleiar gjer seg kjend med desse.

Hugs at de skal ha tilgong til godkjend ettersøkshund der ettersøksekipasjen har bestått godkjeningsprøve. De skal ha avtale med godkjent ekvipasje før de kan jakte til hausten. Kommunen skal ha kopi av avtale i god tid før jakta tek til.

Kommunen er klar over at hjorten gjer skadar på innmark og vi håpar at sommaren vil gjere til at hjorten trekker ut av bøen, og opp i marka. Per no har vi ikkje noko tilskot/erstatning for skadar av hjort på innmark. Det er viktig at de i komande jaktseason prioriterer å skyte dyr som går på bøen.

Om hjorten gjer større skadar på skog, vil vi ha beskjed om dette. Ta gjerne bilete for å dokumentere.

Dersom hjortevilt gjer vesentleg skade på skog eller innmark (til dømes avlingsreduksjon på engareal, skadde fruktre m.m.) kan grunneigar søkje om skadefellingsløyve. Det bør i første omgang gjerast tiltak for å redusere eller forhindre at skadane fører til økonomisk tap. Avbøtande tiltak kan vere auka uttak gjennom ordinær jakt, skremming/jaging, gjerde m.m. Når desse avbøtande tiltaka ikkje gjev tilstrekkeleg resultat, kan ein søkje om skadefellingsløyve.

Søknaden sendast kommunen.

Relevant info i en søknad om skadefelling kan være:

- Kva for ein art er årsak til skade
- Kor mange dyr som er årsak til skaden
- Kva for periodar gjer dyret/dyra skade
- Skadeskildring: kva er det gjort skade på og i kva for eit omfang
- Eventuelle tiltak som er utprøvd for å redusere eller forhindre skadeomfanget
- Er eigedomen organisert i jaktvald for arten som gjer skade
- Har eigedomen vore plagga med hjorteviltskadar tidlegare år?
- Er det søkt skadefelling tidlegare år? Dersom ja, førte felling til redusert skade?
- Effektar av eventuell tidlegare skadefelling (blei det reduksjon og kor lenge vara det)

Løyve eller avslag gjeve av kommunen kan påklagast til statsforvaltaren. Hjortevilt felt som skadedyr høyrer til det kommunale viltfondet, jf. viltlova § 48. Dersom kommunen finn grunn til å gje skadefellingsløyve på hjortevilt, skal avliving skje med godkjend våpen og ammunisjon.

## Utvalde kulturlandskap

Vi har fått inn mange søknader om tilskot til skjøtselstiltak for utvalde kulturlandskap på Stadlandet. Søknadene handsamast i løpet av juni. Føremålet med tilskot til tiltak i Utvalde kulturlandskap er å medverke til å sikre verdiar knytt til landskap, biologisk mangfald, kulturminne og kulturmiljø, og å sikre langsiktig skjøtsel og drift.

*Landbrukskontoret i Gloppen og Stad ynskjer alle ein riktig god sommar og lukke til med slått- og beitesesongen!*

*Helsing Trine, Bernt, Åse, Marte, Karoline,  
Odd-Harald og Bjørnar!*



*Selje. Foto: Karoline Bjerkeset, Gloppen kommune.*